


Vigdalen landskapsvernområde

Utkast til skjøtselsplan for heilskaplege kulturlandskap i verneområdet



Miljøfaglig
Utredning

Rapport MU2019-6



Framsidedeilete

Utsyn frå øvre del av Fjellstølen mot Breidsetet og Drivande, med Fivlenosi i bakgrunnen. Dei tre stølane i Vigdalen er framleis opne og dels også nytta som beite. Foto: Kirstin Maria Flynn Steinsvåg

RAPPORT 2019-6

Utførende institusjon: Miljøfaglig Utredning AS	Prosjektansvarleg: Kirstin Maria Flynn Steinsvåg
	Prosjektmedarbeidar(ar): Bjørn Harald Larsen
Oppdragsgjevar: Nasjonalparkstyret for Breheimen	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Eldrid Nedrelo
Referanse: Steinsvåg, K. M. F. & Larsen, B. H. 2019. Vigdalen landskapsvernområdet. Utkast til skjøtselsplan for heilskaplege kulturlandskap i verneområdet. Miljøfaglig Utredning rapport 2019-6, 42 s. + vedlegg. ISBN 978-82-8138-958-8.	
Referat: Miljøfaglig Utredning AS har utført ei kartlegging av naturtyer og naturverdiar i Vigdalen landskapsvernområde i Luster kommune, Sogn og Fjordane på oppdrag frå Breheimen nasjonalparkstyret. Føremålet har vore å få utarbeidd skjøtselsplanar for dei tre stølane Fjellstølen, Breidsete og Drivande. Dei tre stølane vart kartlagt etter NiN-metodikken og etter handbok-13 metodikken der verdi-setting også inngår. Til saman vart 5 naturbeitemarkar kartlagt og verdsett, to med verdi B (viktig) og tre med verdi C (lokalt viktig). I samband med kartlegginga vart beitemarksopp-fungaen undersøkt. Mellom andre vart den raudlista arten halmgul køllesopp (VU) funne på Drivande. Det er utarbeidd bevaringsmål for Vigdalen landskapsvernområde og for dei tre stølane. Desse dannar grunnlaget for skjøtselstiltaka som er framsett i planen, i tillegg til overvakingsmetodikk. Grunneigarar/brukarar har delteke i prosessen med å lage skjøtselsplanen og på synfaringar.	

FORORD

Miljøfaglig Utredning AS har utført ei kartlegging av naturtypar og naturverdiar i Vigdalen landskapsvernområde i Luster kommune, Sogn og Fjordane. Kartlegginga er utført på oppdrag frå Breheimen nasjonalparkstyre. Formålet har vore å få utarbeidd skjøtelsplan for Vigdalen landskapsvernområde. Dette inkluderer ei oppdatering av kunnskapen kring verdifulle naturtypar i landskapsvernområdet, både ved kvalitetssikring av kjende lokalitetar og ny vurdering av tilstand og skjøtels-
trong.

Målet med skjøtelsplanen er å fastsetja bevaringsmål og foreslå konkrete skjøtelsiltak for å oppnå den tilstand i natur- og kulturlandskapet ein ønskjer. I tillegg skal skjøtelsplanen danne grunnlag for overvaking av tilstanden og effekten av skjøtelsiltaka over tid. Forslag til skjøtelsiltak byggjer på samarbeid med grunneigarar/bruksrettshavarar i området.

Kontaktperson hos nasjonalparkstyret har vore nasjonalparkforvaltar Eldrid Nedrelo, som takkast for bidrag og informasjon om prosjektet. Prosjektansvarleg for Miljøfaglig Utredning har vore Kirstin Maria Flynn Steinsvåg som også har hatt ansvaret for arbeidet i Vigdalen. I tillegg har Bjørn Harald Larsen delteke i prosjektet.

Vi vil særleg takka Aina-Elise Stokkenes i Luster kommune for informasjon om kulturminner i Vigdalen, og Oddvar Vigdal for informasjon kring beiteprosjektet sitt på Fjellstølen. I tillegg vil vi takka alle grunneigarar for deltaking på synfaring og alle nyttige innspel i prosessen.

Bergen/Eina, 21. januar 2019

Miljøfaglig Utredning AS

Kirstin Maria Flynn Steinsvåg

Bjørn Harald Larsen

INNHOOLD

1	INNLEIING	6
2	METODE	7
2.1	REGISTRERING OG DATAINNSAMLING	7
2.2	OPPBYGGING AV PLANANE	7
2.3	OM BEVARINGSMÅL	7
3	VIGDALEN LVO	9
3.1	FORVALTNINGSSTATUS	9
3.2	OVERORDNA LANDSKAPSSKILDRING	9
3.3	AREALBRUK OG AREALBRUKSHISTORIKK	11
3.4	BEVARINGSMÅL FOR KULTURLANDSKAPET I VIGDALEN	16
3.5	SKILDRING AV TILTAK	19
4	SKJØTSELSPLAN FOR FJELLSTØLEN	21
4.1	NIN-KARTLEGGING	21
4.2	NATURTYPELOKALITETAR OG NATURVERDIAR	22
4.3	BEVARINGSMÅL	23
4.4	SKILDRING AV TILTAK	27
5	SKJØTSELSPLAN FOR BREIDSETE	30
5.1	NIN-KARTLEGGING	30
5.2	NATURTYPELOKALITETAR OG NATURVERDIAR	31
5.3	BEVARINGSMÅL	33
5.4	SKILDRING AV TILTAK	35
6	SKJØTSELSPLAN FOR DRIVANDE	37
6.1	NIN-KARTLEGGING	37
6.2	NATURTYPELOKALITETAR OG NATURVERDIAR	37
6.3	BEVARINGSMÅL	39
6.4	SKILDRING AV TILTAK	40
7	KJELDER	42
7.1	SKRIFTLIGE KJELDER	42
7.2	MUNNLEGE KJELDER	42
8	VEDLEGG - LOKALITETSSKILDRINGAR	43
8.1	FJELLSTØLEN NORD	43
8.2	FJELLSTØLEN	44
8.3	VIGDALSTØL	45
8.4	BREIDSETE	46
8.5	DRIVANDE	47

1 INNLEIING

Heilskaplege kulturlandskap som vert skjøtta på tradisjonelt vis er i tilbakegang i Noreg. Alle dei semi-naturlege naturtypene er registrert på raudlista for naturtypar som truga. Det er opphøyr av bruk og påfølgjande attgroing som er rekna for å vere det største trugsmålet for slike naturtypar (Hovstad mfl. 2018). Dei semi-naturlege naturtypene er heim for mange truga og nær truga karplantar, sopp og insekt. Spesielt blomerike enger har eit høgt artsmangfald, men også heiane er viktige for både insekt og sopp.

Ein skjøtselsplan har som føremål å oppretthalde kvalitetane i kulturlandskapet og restaurere areal som har fått ein redusert kvalitet. Det er berre gjennom skånsam bruk av kulturlandskapet at ein kan ta vare på dei semi-naturlege naturtypene og artsmangfaldet som førekjem der for framtida.

Denne skjøtselsplanen er delt inn i tre delar, ein for kvar av dei tre stølane i Vigdalen; Fjellstølen, Breidsetet og Drivande. I tillegg er det ein del som omhandlar heile Vigdalen LVO, men da på eit meir overordna nivå.

Stadnamn som er nytta i skjøtselsplanen for Vigdalen er i hovudsak basert på dei som er nytta i kart. Fjellstølen, derimot, er ikkje i kartet, men det er nytta av grunneigarar og difor nytta i denne skjøtselsplanen. Her nyttar ein namnet som ei samnemning for stølane som er kalla Vigdalsstølen og Vigdalsstøl i kartet. Nokre stadar er den nedredelen også kalla Sagavollen, men dette namnet vert ikkje nytta her. Stavemåten Breidsete er nytta sidan det er slik det står skreve i kartgrunnlaget og er i planen nytta som namn for heile stølsområdet som ligg like aust for elva. Drivande er namnet på stølen som ligg omlag 700 meter søraust for Breidsete.

Kommentert [KF1]: Eg vil gjerne ha tilbakemelding på om dette er oppfatta riktig frå mi side.

2 METODE

2.1 Registrering og datainnsamling

Det vart arrangert oppstartsmøte kombinert med synfaring i Vigdalen 26.6.2018 av nasjonalparkforvaltaren for Breheimen. Under synfaringa kom det fram opplysningar om brukshistorie, setring, bygningshistorikk, skogplanting og mykje anna. Dette vart notert fortløpande både av nasjonalparkforvaltaren og dei innleigde konsulentane. Nasjonalparkforvaltaren oppsummerte dette opp i referatet frå synfaringa av 5.7.2018.

Dei tre setervollane Fjellstølen, Breidsete og Drivande vart alle undersøkte 4.-5. september 2018. Alle kulturmarksnaturtypar vart kartlagt etter NiN-metoden (NiN versjon 2.1) ved hjelp av NiN-app (ein applikasjon produsert av Miljødirektoratet). I tillegg vart artsmangfaldet knytt til kulturlandskapsområda registrert, med vekt på raudlisteartar og regionalt uvanlege artar. Viktige naturtypar etter revidert DN-Handbok 13 (Miljødirektoratet 2015) vart også nytta til å avgrense og skildre naturtypar. Norsk raudliste for artar 2015 (Henriksen & Hilmo 2015) og Framandartslista 2018 (Artsdatabanken 2018) vart nytta ved registrering av artar. I tillegg vart Norsk raudliste for naturtypar 2018 nytta (Artsdatabanken 2018). For raudlistekategoriar, sjå tekstboks.

Raudlistekategoriar:

RE – Regionalt utrydda (Regionally Extinct)
CR – Kritisk truga (Critically Endangered)
EN – Sterkt truga (Endangered)
VU – Sårbar (Vulnerable)
NT – Nær truga (Near Threatened)
DD – Datamangel (Data Deficient)

2.2 Oppbygging av planane

Planen startar med ein kortfatta gjennomgang av forvaltningsstatus for landskapsvernområdet. Deretter følgjer ei overordna landskapsskildring, før dagens arealbruk og brukshistoria til området vert gjennomgått. På slutten av den generelle delen kjem bevaringsmål og forslag til overordna tiltak.

Skjøtselsplanane for dei heilskaplege kulturlandskapsområda (i praksis dei tre stølane) er bygd opp på denne måten:

1. Resultat frå NiN-kartlegginga.
2. Naturtypelokalitetar og naturkvalitetar
3. Bevaringsmål og skjøtselstiltak

2.3 Om bevaringsmål

DN-Handbok 17 (Direktoratet for naturforvaltning 2010) inneheld ein definisjon av omgrepet bevaringsmål:

“Bevaringsmål definerer den tilstanden en ønsker en naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmål skal være målbare. Det vil si at de skal presiseres gjennom mål for areal, nødvendige strukturer/prosesser og/eller forekomster av bestemte arter osv.”

Handboka er fokusert på naturkvalitetane i verneområda, men tek også for seg dei kulturtilknytte, biologiske kvalitetane som ofte inngår i verneformåla til landskapsvernområde. Dette kan vere ulike typar av kulturmark, beite, styvingstrær mv. Vegleiarer gir mindre hjelp for å lage bevaringsmål til kulturminne, som fysiske konstruksjonar, t.d. bygningar, gjerder, vatningsanlegg, bruer o.l. Slike

anlegg og konstruksjonar er vanlegvis omtala som viktige vernekkvaliteter i formålet for vern av landskapsvernområde.

Forklaring til tabellane nytta i skjøtselsplanane:

Tilstandsvariablane gjev ei oppdeling av vernekkvalitetane som det er ønskeleg å utvikle bevaringsmål for. Ei slik deling er naudsynt fordi ulike typar av kvaliteter krev ulike skildringar av mål, oppfølging m.m. Tilstandsvariablane er gruppert med grunnlag i NiN-tilstandsvariablar.

Bevaringsmåla uttrykker kva utvikling ein ønskjer for området, anten dette gjeld vern, fjerning eller vidareutvikling. Ein har prøvd å kvantifisera desse for å sikre at både status og eventuell ønskt/uønskt endring er målbar.

Metode viser til korleis status og eventuell utvikling kan og bør målast/registrerast.

Tilstandsklasse er ei tredelt oppdeling av tilstand som etter ein registrering gjer det mogleg å seie om vernekkvaliteten er oppretthalden eller har utvikla seg negativt eller positivt. Der vernekkvaliteten har vist ei negativ utvikling over tid og enda i ein lågare tilstandsklasse enn ved vernetidspunktet, kan det vere aktuelt å gå inn med tiltak.

Aktuelle tiltak er forslag til tiltak som kan snu eller stanse ei uheldig utvikling.



Figur 1. Bilete viser Vigdalsstøl/Sagavollen med grantrea rundt sett frå Breidsete. Biletet vart tatt under synfaring med Breheimen nasjonalparkstyre og grunneigarar 26.6.2018. Foto: Kirstin Maria Flynn Steinsvåg.

3 VIGDALEN LVO

3.1 Forvaltningsstatus

Vigdalen landskapsvernområde (LVO) vart etablert i 2009 og er eit av verneområda i Breheimen. Området er 29,2 km² stort. I følgje verneforskrifta er føremålet med vernet i Vigdalen LVO å «...ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande. Vidare er føremålet med landskapsvernområdet å:

- ta vare på biologisk mangfald som pregar landskapet.
- ta vare på kulturhistoriske verdier, stølar og kulturminne.
- ta vare på geologiske førekomstar og breforma landskap som U-dalar, breen sine avsetningar og andre kvartærgeologiske førekomstar.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.»

Ein forvaltningsplan for heile Breheimen nasjonalpark, inklusive Vigdalen LVO vart endeleg vedteken i 2017. Den legg nokre føringar og presiseringar for kva aktivitet som skal vere tillate i Vigdalen, utover det som kjem fram i verneforskrifta. Forvaltningsmyndigheita (Nasjonalparkstyret) kan gje løyve til å iverksette tiltak for å ta vare på verdiane i verneområdet, til dømes rydding av beite og utbetring/skilting av ferdsselsveggar og stiar. Det gjeld også tiltaka i skjøtelsesplanen.


3.2 Overordna landskapsskildring

Vigdalen LVO ligg i Luster kommune i Sogn og Fjordane, på sørvestsida av Breheimen nasjonalpark. Vigdalen er ein av sidedalane til Jostedalen og dei tre stølane ligg på omlag 750-850 moh, medan gardsbruka lenger ned i dalen ligg på omlag 500 moh. Stølsområda i Vigdalen ligg for det meste i nordboreal vegetasjonssone med fjellbjørkeskogar som går over i fjellhei litt høgare opp (lavalpin vegetasjonssone). Breheimen ligg også i overgangen mellom klart oseanisk vegetasjonssesksjon og svakt oseanisk vegetasjonssesksjon, noko som gjev tydlege vestlege trekk i vegetasjonstypene.

Elva Vigdøla renn ned gjennom dalen frå isbreane på fjellet, hovudsakleg med smeltevatn frå Spørteggbreen, og ned til Jostedøla i dalbotnen. Dalen har vorte forma av isbreane i området gjennom titusenvis av år. Det er ein relativt flat dal og moreneryggane er tydelege i landskapet. Fjellstølen ligg på ei stor endemorene, medan det er fleire sidemorenar rundt Breidsete. Det som er spesielt med breavsetningane i Vigdalen er at dei ikkje følger det som er hellinga i terrenget i dag, fordi breen her kom opp frå Jostedalen i vest og dytta massane oppover dalen (Aa & Sønstegaard 2006). Dette er noko av det som gjer at dei geologiske verdiane i dalføret er så store.




Figur 2. Oversiktskart over Vigdalen landskapsvernområde merka med grøn strek på kartet. Dei tre stølane Fjellstølen, Breidsete og Drivande ligg i den sørlege delen av verneområdet (innafor raud ring).



Figur 3. Berggrunnskart for den sørlege delen av Vigdalen LVO. Lys rosa = granittisk til kvartsdiorittisk gneiss, somme stader med augegneiss og granittgangar, gul = kvartsitt med botnkonglomerat med bollar av kvarts, grønn = fyllitt, til dels grafittførande, og granatglimmerskifer med tynne kvartsittlag, rosa = augegneiss, truleg omdanna granitt. Kjelde: www.ngu.no.

Berggrunnen i området er dominert av granittisk til kvartsdiettisk gneis, men noko kvartsitt, fyllitt og augegneis finst også i austre delar av verneområdet, aust for Drivande. Like vel er det nok lausmassane som påverkar vegetasjonen mest, framfor berggrunnen. Lausmasekartet viser at det er eit felt rundt Fjellstølen og Breidsete med tjukke morene, medan resten av dalføret er dominert av tynne morene. Oppe ved Drivande er det barre eit tynt lausmassedekke over bert berg.




Figur 4. Lausmassane i Vigdalen er dominert av morenemassar frå isbreane som forma dalen. I dalbotnen er det tjukke morene (grøn), medan det i dalsidene er tynnare morene (lysare grøn). Kartet er henta frå www.ngu.no.

3.3 Arealbruk og arealbrukshistorikk


Vigdalen har vore brukt av menneskje i lang tid og det er kulturspor her frå så langt tilbake som overgangen mellom førromersk jernalder og romertida (altså før Kr.f.) på tufter på Vierøy eit stykke opp i Vigdalen. Også på Øyestølsreset er det funne tufter frå mellomalderen. Breidsete har flest spor med 8 tufter frå vikingtid (800-1030 e.Kr.) og over 60 kokegroper. Også på Fjellstølen er det funne kokegroper. Datering av kokegropane varierer frå romertid til vikingtid (300-95 e. Kr.). Tufte-tene var i bruk fram til Svartedauden (ca. 1350). Truleg var Breidsete ein gard med fastbuande i tidleg jernalder, og bygd opp att som fjellstøl ein gong på 1500-1600 talet. (Storøy 2008)

Det er også registrert 8 fangstgroper sør-vest for Fjellstølen og Breidsete. To av dei er på nordsida av elva, like ved stien, medan dei seks andre er på sørsida av elva, nedanfor Breidsete. I tillegg er det ei steinsett fangstgrop på Øyestølsreset. Desse vart nytta for fangst av rein og er enno synlege i dag, dei er altså ikkje fylt att slik som andre ofte er (Askeladden, 2019; Byrkjeland, 2015).

Dei eldste bygningane som enno står i Vigdalen er to sel på Fjellstølen frå 1740 og 1800-talet. På Breidsete er det eldste bygget moglegvis frå 1700-talet, men ikkje flytta til Breidsete før i 1884. Generelt har det vore vanleg med slik stølsdrift frå omkring 1850 til ut på 1950-talet. Etter dette har stølane vore langt mindre viktig i landbruket og i større grad vore nytta i fritidsføremål og utgangspunkt for tilsyn med dyr på utmarksbeite. Dei tre stølane Fjellstølen, Breidsete og Drivande har vore i aktiv bruk heilt fram til nyare tid. Drivande har berre eit bygg som framleis er i bruk og det er ikkje aktiv stølsdrift der i dag, men enga på stølen vert beita av dyr på utmarksbeite. Breidsete har 5 bygningar, men vert ikkje nytta i aktiv stølsdrift av grunneigarane i dag. Derimot går dyra til brukaren på Fjellstølen også på Breidsete.



Figur 5. LIDAR data frå Vigdalen viser tydeleg dei seks fangstgropane sør for elva som ikkje er registrert i Askeladden (biletet til venstre). Det er også mogleg å sjå nokre av tuftene som er registrert på Breidsete på LIDAR bileta. Dei visest som hesteskoformasjonar på biletet til høgre. Kjelde: Askeladden.ra.no




Figur 6. Registrerte kulturminne i Vigdalen. To fangstgroper er registrert ved stien nord for elva og stølshusa på Fjellstølen er også vist. Kjelde: Askeladden.ra.no

På Fjellstølen/Vigdalsstøl står det, i tillegg til dei to nemnte sela, seks bygningar til, fem sel og eit fjøs. Eit av dei er stølshuset som Hans Ohlson Vigdal budde i frå 1890-1902. Han var lærar, friluftsmann og føregangsmann for skogreisingsaka. Han nytta Vigdalsstøl (eller Sagavollen som det også heitte) til forsøk med planting av gran i fjellet og kryssingar av forskjellige framande granartar. Det er i dag ikkje kjent kor mange forskjellige artar av gran som er planta her fordi det ikkje har vore mogleg å artsbestemme dei. Det er truleg snakk om fleire kryssingar av forskjellige artar, og kanskje

er nokre av dei nobeledelgran og serbergran (Enzensberger 2010). Merkeleg nok er det korkje norsk gran eller sitkagran her, som elles er dei mest nytta artane til granplanting på Vestlandet.

I dag er Vigdalsloftet som stod på Sagavollen (flytta dit av Hans O. Vigdal frå Nedre Vigdal) flytta til museet i Kaupanger saman med mange av eigedelane til Hans O. Vigdal. Selet hans er framleis der og vert i dag nytta som sjølvbetjent DNT-hytte.



Figur 7. Nettverket med merka turstiar gjennom Vigdalen i dag. Stien opp til Drivande er ikkje tydeleg merka på dette kartet. Kjelde: UT.no.

Vigdalen ligg midt i leia av den gamle ferdslevegen frå Jostedalen til fjorden, som gjekk via Vigdalen og Dalsdalen til Luster. Denne vegen er også kalla Bispevegen. I dag går det merka tursti frå Vårstølen og oppover Vigdalen til Øystølreset og vidare til Hamarsdalen. I tillegg er det ein gamal geitesti som går parallelt med denne, men litt høgare opp i dalsida til Vetlegrørdalen som har vore rydda fram att i nyare tid. Det er også stiar frå Fjellstølen til Breidsete og Drivande via Fjellstølsbrui, og ei rute ned i Dalsdalen via Likholmyri og ei over Fivla til Navarsete (sjå kart frå UT.no). Stien frå Fjellstølen og over elva mot Breidsete og Drivande vart kalla «budeievegen» da stølane var i full drift på sommaren. Budeiene på stølane kommuniserte med kvite klede som «flagg» for å invitere til ein kopp kaffi (pers. med. Lasse Tuften). Denne har vore rydda i nyare tid, medan den gamle bufarvegen er attgrodd. Stien frå Vårstølen til Grøftehaugane på veg til Fjellstølen er utbetra i dei seinare åra med tiltaksmidlar frå nasjonalparkstyret.

I dag er det berre ein gardbrukar som har dyr på stølane i Vigdalen. Sommaren 2018 var det 21 kyr og 8 kalvar, 25 sau og 4 hestar på beite i Vigdalen. Desse dyra går for det meste fritt og beiter godt

på Fjellstølen og Breidsete. Dei går i mindre grad på Drivande. I tillegg kjem det sau over Fivla frå Luster/Gaupne dei fleste år som også beiter noko på stølane.


Sidan 2016 har brukaren på Fjellstølen hatt eit beiteprosjekt i samarbeid med nasjonalparkstyret på Fjellstølen for å prøve å auke beitetrykket her, samstundes som det vert rydda for tre. Området har vore delt i fire felt og eit felt har vore inngjerda kvart år og beita intensivt først av kyr, så sau, og avslutta med hest. Dette har vore eit prøveprosjekt for å sjå om ein kan redusere oppslag av bjørk etter rydding. Sommaren 2018 var det tredje året og øvre del av Fjellstølen vart beita av 28 storfe (22.6.18-13.9.18), 12 sauer (13.8.18-4.9.18) og 2-3 hestar (14.8.18-24.9.18). Etter 4 år, er planen å byrje på ein ny runde med arealet som var beita i 2016.




Figur 8. Kart over dei tre felta som har vore inngjerda og beita etter tur på Fjellstølen i Vigdalen så langt, som ledd i eit beiteprosjekt for å intensivere beitetrykket etter rydding. Dette skal redusere oppslag av bjørk. Kjelde: Byrkjeland 2018.

Det er mogleg nokre areal i Vigdalen har vore slått i tidlegare tider, og ikkje berre beita. Det er ikkje kome fram konkrete opplysningar om dette til no, men særleg nokre av myrane kan ha vore slått. I «manns minne» har det berre vore beite på stølane. Gamle bilete frå området viser at det har vore beita intensivt med geiter her tidlegare.

Ved-hogst var i periodar ikkje aktuelt ved stølane sidan det ikkje fanst tre. Men etter at det byrja å gro att og vart planta tre i dalen har det vore noko hogst til ved. Særleg dei seinare åra har hogsten auka sidan det har vore eit mål å opne opp att areal som tidlage var trefrie.



Figur 9. Flyfoto av Fjellstølen i Vigdalen frå 1964/65. Det viser tydeleg grantrea som vart planta på Vigdalsstøl/Sagarvollen.



Figur 10. Flyfoto av Breidsete i Vigdalen frå 1964/65. Området var på den tida heilt fritt for tre.



Figur 11. Flyfoto av stølen på Drivande i Vigdalen frå 1964/65. Her er det også særers få tre i området.

3.4 Bevaringsmål for kulturlandskapet i Vigdalen

Føremålet med Vigdalen landskapsvernområdet er å ta vare på både natur- og kulturlandskap med både det tilhøyrande biologiske mangfaldet og dei kulturhistoriske verdiane. I tillegg kjem dei geologiske verdiane. I mange høve har desse tre føremåla samanfallande krav til omsyn.

For å ta vare på kulturlandskap med tilhøyrande biologisk mangfald er det viktig å halde beitearealet ope og i hevd. Dette kan gjerast ved å oppretthalde beiteaktivitet på stølane og det meir generelle utmarksbeitet, medan ein også kan rydde tre og kratt der det gror att på område som tidlegare var opne. Da tek ein også vare på kulturminne som eventuelt kan ta skade av attgroing. I tillegg vil dei geologiske førekomstane, som t.d. moreneryggane, vere meir synlege om landskapet vert halde ope.

Eit anna viktig moment for dei biologiske verdiane i Vigdalen er at dei kan verte påverka negativt av framande artar dersom dei førekjem. Det er generelt eit mål at det ikkje skal vere framande artar i norske verneområde fordi dei kan vere til skade for dei heimehøyrande artane som skal takast vare på. I Vigdalen er det fleire framande treslag av gran. Desse er i hovudsak konsentrert til ein av stølane, men det er påvist spreiding frå desse trea og vidare oppover dalen. Når det ligg snø kan frøa spreia seg langt av stad med vinden, særleg på skare. I kombinasjon med klimaendringar som vil gjere det mogleg for tre å vekse høgare til fjells enn tidlegare, representerer desse granene eit trugsmål mot det opne landskapet i Vigdalen.

Dei gamle bufarvegane inn i dalen er viktige kulturminne. Bispevegen og budeievegen, samt også stien vidare oppover Vigdalen mot Vierøy og Øyestølsreset er godt merka og har i seinare år vore rusta opp, mellom anna med steinsetting i våte parti og ny bru over Vigdøla. Det er viktig at desse stiane vert haldne opne og merka for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane dei representerer. Samstundes er det positivt for naturverdiane i dalen at parti som er sårbare for slitasje (fuktige parti) vert tilrettelagt slik at ein unngår mest mogleg slitasje (slik det allereie er gjort).



Figur 12. Breidsete og Fjellstølen sett frå stien til Drivande. Det er godt synleg at det har vore ei omfattande attgroing med bjørk i dalen. Foto: Kirstin Maria Flynn Steinsvåg.

Tabell 1. Bevaringsmål for det heilskaplege kulturlandskapet i Vigdalen landskapsvernområde.

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Areal/arealbruk				
Opne areal	Halde dei opne areala på Fjellstølen og Breidsete opne og oversiktlige, samt auke dette opne arealet.	Fjernanalyse ved bruk av flybilette med god oppløysing kvart 5. år. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år der ein markerer opne areal på kart.	<u>God</u> : Areala er opne og utan tre/busker over 2 meter. <u>Middels</u> : Areala er opne og utan tre over 4 meter. <u>Dårleg</u> : Areala er delvis opne og utan tre over 6 meter.	Rydding av tre i sonar mellom Fjellstølen og Breidsete på bae sider av elva. Halde fram med beite av fleire dyreslag i dalen og evt. auke dyretalet.

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Moreneryggar	Halde dei geologiske førekomstane (t.d. moreneryggane) fri for tre slik at dei er synlege i landskapet	Fjernanalyse ved bruk av flybilete med god oppløysing kvart 5. år. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år der ein markerer opne areal på kart.	<u>God</u> : Moreneryggane er opne og utan tre over 2 meter. <u>Middels</u> : Moreneryggane er opne og utan tre over 4 meter. <u>Dårleg</u> : Moreneryggane er delvis opne og utan tre over 6 meter.	Rydding av dei tydelege moreneryggane rundt Breidsete og på Fjellstølen og framleis beite frå beitedyr av fleire slag i dalen, og evt. auke dyretalet.
Innslag av framande artar				
Framande artar	Framande artar og regionalt ikkje heimehøyrande artar skal ikkje førekome i verneområdet.	Synfaring kvart 5. år, i kombinasjon med andre overvakingsaktivitetar	<u>God</u> : Framande artar og regionalt ikkje heimehøyrande artar førekjem ikkje i verneområdet. <u>Middels</u> : Framande artar og regionalt ikkje heimehøyrande artar førekjem, men representerer ikkje ein trussel mot lokalt naturmangfald (førekjem i særst lite omfang eller er arter som har status NK, LO). <u>Dårleg</u> : Framande artar og regionalt ikkje heimehøyrande artar førekjem og representerer ein trussel mot lokalt naturmangfald (førekjem i større omfang eller arter som har status PH, HI, SE).	Fjerning av alle typar gran og eventuelle andre framande artar etter tilrådde metodar. Fjerning av oppslag av granartar i heile landskapsvernområdet. Sjå også plan for Fjellstølen.
Bufarvegar				
Sti til Fjellstølen og vidare til Breidsete og Drivande, og geitestien til Vetlegrødalen (Bispevegen, budeivegen)	Dei gamle stiane frå parkeringsplassen i Vigdalen til Fjellstølen, Breidsete og Drivande og geitestien til Vetlegrødalen skal haldast opne og det skal ikkje førekome unødig erosjon utanfor stien. Kulturminne langs stien vert tekne vare på.	Synfaring kvart 5. år, i kombinasjon med andre overvakingsaktivitetar. Kontroll av attgroing og erosjon langs sti og vedlikehald av klopper.	<u>God</u> : Sti til Fjellstølen og vidare til Breidsete og Drivande (inkludert bru) , og geitestien til Vetlegrødalen er i god stand og lite teikn til erosjon i marka. <u>Middels</u> : Sti til Fjellstølen og vidare til Breidsete og Drivande (inkludert bru) , og geitestien til Vetlegrødalen er i god stand men noko teikn til erosjon i marka. ELLER: Det er noko teikn til attgroing og merking er dårleg. <u>Dårleg</u> : Sti til Fjellstølen og vidare til Breidsete og	Sti til Fjellstølen og vidare til Breidsete og Drivande (inkludert bru) vert haldne opne, merka og kloppast der det er naudsynt. Kulturminne langs stien merkast med skilt så dei er synlege og ikkje vert skada.

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
			Drivande (inkludert bru), og geitestien til Vetlegrødalen er ikkje i god stand og det er mykje teikn til erosjon i marka. ELLER: Kulturminne vert skada. ELLER: Stiane gror att og er ikkje synleg merka.	
Kulturminne				
Registrerte kulturminne i Vigdalen LVO (Tufter, kokegroper, fangsgroper)	Alle kjende kulturminne i Vigdalen skal takast vare på og ikkje skadast av aktivitetar i dalen eller gro att.	Synfaring kvart 5. år, i kombinasjon med andre overvåkingsaktivitetar. Kontroll av attgroing og merking.	<u>God</u> : Lokalitetar med tufter og kokegroper vert haldne opne og har ikkje synlege trakkskadar frå beite. Fangsgroper er frie for tre, synlege og merka med skilt. <u>Middels</u> : Lokalitetar med tufter, kokegroper og fangsgroper har teikn til attgroing. ELLER: Lokalitetar med tufter, kokegroper og fangsgroper har noko teikn til trakkslitasje. <u>Dårleg</u> : Lokalitetar med tufter, kokegroper og fangsgroper er attgrodd med mykje tre. ELLER: Lokalitetar med tufter, kokegroper og fangsgroper har mykje trakkslitasje.	Framleis beite på Breidsete og rydding av tre i og rundt alle fangsgroper.

3.5 Skildring av tiltak

Rydding av tre og kratt som har kome opp på tidlegare opne areal må alltid skje i kombinasjon med beite. Om det ikkje vert beita vil det berre kome nytt oppslag og skot frå stubbane. Rydding bør generelt prioriterast i tråd med verneformåla om kulturlandskapsverdiane, kulturminna og geologiske førekomstar. Det tyder at ein skal prioritera naturbeitemarkene på stølane, kulturminne som bufarvegane, tufter og fangsgroper, og moreneryggar. I fyste omgang er det føreslått å starta med områda på og nær dei tre stølane og eventuelt arbeide seg utover frå dei. Tuftene på Vireøy og Øyestølsreset er ikkje høgt prioritert sidan dei ligg så langt frå stølane som er i bruk.

Ved rydding kan ein nytte verktøy som er egna, t.d. ryddesag og motorsag. Ein bør ikkje nytte plantevernmidlar på stubbar. Ein må ikkje rive opp røter, særleg ikkje der det er kulturminne som tufter, kokegroper og fangsgroper. Trevirke kan gjerne nyttast til ved. Hogstavfall bør brennast på

høvelege stader – det må ikkje vere i nærleiken av verna kulturminne, og i sikker avstand til bygningar (sjå kart med forslag til plassering).

Grantrea på og rundt Fjellstølen skal fjernast. Etter at dette er gjennomført er det viktig å følgje opp med fjerning av evt. oppslag av gran. Frø kan liggje i jorda i fleire år framover. Det bør også gjennomførast synfaringar på stølane og i resten av dalføret for å fjerne gran som har spreidd seg minst kvart 5. år. Små tre kan kuttast så lang nede som mogleg på stammen og la treet ligge. Dersom det er oppslag av gran på naturbeitemark bør treet kuttast og fjernast. Der det kan vere kulturminne skal ein ikkje rive dei opp med røtene da dette kan vere til skade for slike.

Vurdering av kva for trussel ein framand art representerer for heimehøyrande naturmangfald skal i hovudsak følgje framandartslista (Artsdatabanken 2018). Artar som er klassifisert som låg risiko (LO) og inga kjend risiko (NK) bør også fjernast, men vil ikkje tilsvare dårleg tilstand. Artar med risikokategoriene potensielt høg risiko (PH), høg risiko (HI) og særskild høg risiko (SE) vil føre til dårleg tilstand og bør fjernast.

Auke av talet på beitedyr i dalen er ønskeleg, særleg om ein vil rydde større areal for tre og kratt. Det optimale for naturverdiane er å ha ein kombinasjon av fleire dyreslag. Forskjellige dyreslag har forskjellige preferansar og beiter på forskjellige vis. Beiteprosjektet på Fjellstølen viser dette tydeleg. Ein får eit betre resultat, både med tanke på ryddingseffekt og for naturmangfaldet ved å nytta fleire dyreslag. Det er også viktig å vere klar over at veldig hardt beite frå kyr og hest, som gjev mykje trakkskadar, kan vere til skade for kulturminne. Sau og geit vil vere meir skånsamme. For ein meir detaljert skildring av tiltak for kulturminne, sjå kap. 5 om Breidsete.




Figur 13. Ei fangstgrop som har vore rydda for tre og er skilta. Dette er ei av fangstgropene på nordvestsida av elva. Foto: Kirstin Maria Flynn Steinsvåg.

4 SKJØTSELSPLAN FOR FJELLSTØLEN

4.1 NiN-kartlegging

Kartlegginga etter NiN-systemet synte at mykje av arealet på og rundt Fjellstølen anten er intermediære semi-naturlege engar (T32-C-4) eller kalkfattig boreal hei av frisk eller tørr type (T31-C-1/T31-C-2). Desse varier i tilstand og tilstanden vert betre jo nærare stølen ein kjem. Områda rundt stølsbygningane derimot er noko meir gjødselpåverka og er sett til intermediære eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-6). Lenger vekk frå stølane er kulturmarksnaturtypane attgrodd med særleg bjørk og kan sjå ut som skog, men etter NiN-systemet er det framleis fyrste generasjon med bjørk og dermed definert som kulturmark.

Elles inngår ein del våtmark i NiN-kartet. Dei fleste er anten litt kalkfattige og svakt intermediære myrflater eller myrkanter (V1-C-2/V1-C-6), men det er også innslag av svært og temmeleg kalkfattige myrflater og myrkanter (V1-C-1/V1-C-5). Myrane har vore beita i lang tid, men truleg ikkje slått. Likevel har ikkje beitetrykket vore så hardt at ein kan sjå denne påverknaden tydeleg og dei er dermed ikkje klassifisert som beitemyr. Det er likevel ein viss usikkerhet knytt til dette sidan kalkfattig semi-naturleg myr (V9-C-1) skil seg berre ubetydelig frå litt kalkfattige og svakt intermediære myrflater (V1-C-2) og det difor er særst vanskeleg i skilja dei. Ingen typiske beitefaviserte artar vart funne på myrane og dei vart difor ikkje klassifisert som semi-naturlege myrtypar.



Figur 14. Kart som viser NiN-kartlegginga for Fjellstølen/Vigdalsstøl og Breidsete. Fargene indikerer ulike kartleggingseiningar i NiN-systemet. Diagonale stripar viser at det er ein sammensatt naturtype der to eller fleire kartleggingseiningar opptrer i mosaikk. Kartet viser ikkje kor stor del dei einssilde typane i ein mosaikk utgjær.

Det er også 6 mindre område som er kartlagt som treplantasjar. Dette er område rundt Vigdalsstøl der det har vore planta gran av forskjellige typar. Trea står såpass tett at det veks lite eller ingen vegetasjon under og dei vert difor kartlagt som plantasjeskog (T38-C-1). Fleire av desse er no hogd,

men det er framleis ikkje kome opp noko særleg vegetasjon så ein har ikkje grunnlag for å sette ein annan type enn treplantasje.



Figur 15. Ein av treplantasjane som er hogd. Det er ikkje noko vegetasjon her som kan gi grunnlag for å sette kartleggings-eining etter NiN. Foto: Kirstin Maria Flynn Steinsvåg.

4.2 Naturtypelokalitetar og naturverdiar

I tillegg til NiN-kartlegging er stølsområda kartlagt etter metodikken i Miljødirektoratet si Handbok-13 om kartlegging av viktige naturtypar. Til forskjell frå NiN-kartlegginga som berre seier kva for natur som finst i eit område, vert det i naturtypekartlegginga etter HB-13 sett ein verdi på areal som er vurdert som viktig for naturmangfald. Berre areal over ein viss verdi vert tatt med. Difor er det berre delar av Fjellstølen som er kartlagt etter denne metodikken (sjå vedlegg for skildringar).

Til saman er tre område avgrensa som naturtypar, alle tre er naturbeitemarker og har verdien lokalt viktig (C). Dei er alle relativt store, men med få habitatspesialistar og raudlisteartar kan ikkje verdien settast høgare. Det er registrert beitemarksopp på to av dei, og det er truleg potensiale for fleire, også raudlisteartar.

Dei tre lokalitetane heng dels saman, men dei er avgrensa slik på grunn av at dei har forskjellig tilstand. Den nordlegaste lokaliteten er også ein mosaikk med fleire typar slik at det vert naturleg å skilja han frå naturbeitemarka med berre ein naturtype som ligg sør for han.

Den øvre lokaliteten, ein mosaikk av semi-naturleg eng, boreal lynghei og bert berg, er prega av attgroing. Det er her særleg einer som kjem opp, men også bjørk. Den midtre lokaliteten har også teikn til attgroing, men berre i kantane, og særleg i aust. I skråninga i sør er det nyleg rydda ein god del av oppslaget. Dei midtre delane av denne enga er noko prega av artar som er meir næringskrevjande enn dei typiske artane i semi-naturleg eng. Dette kan vere fordi det har vore gjødsla her i

periodar, men kan og kome av attgroing og svakt beitetrykk som gir ein gjødslingseffekt når graset får stå og visne på enga. Nedbryting av vegetasjonen tilfører næring til jorda og gjer at dei gjødselsvake artane, som er typiske for semi-naturleg eng, vert utkonkurrerte av artar som likar meir næringsrik jord, t.d. engsoleie, engsyre og høymol.



Figur 16. Avgrensing av dei tre naturbeitemarkene på Fjellstølen/Vigdalsstøl i Vigdalen LVO. Vist med raud strek på flyfoto.

Den nedre enga på fjellstølen har også teikn til attgroing med bjørk, men dette er for det meste i nedre del mot sør og aust. I nord og vest har det vore planta gran som har hatt ein skugge-effekt på enga der dei veks. Det er ikkje oppdaga noko særleg spreieing av gran på enga, men det kjem truleg av beitebruken. Einskilde delar av enga har eit svakare gjødselpreg, og det har truleg vore kjøkkenhage på ein del av enga.

4.3 Bevaringsmål

Det er nytta NiN-omgrep både for å sette bevaringsmål og for å måle tilstand. Desse er nytta fordi dei er registrert i kartlegginga i 2018 og skildrar tilstanden til kvar av engene på ein konkret og tydeleg måte. Ein registrerer slike tilstandsvariablar basert på førekomst og/eller fråvere av artar og strukturar i enga. Rask suksisjon i semi-naturleg mark (7RS-SJ) er ein variabel som måler attgroinga på enga. Når ei eng er i god hevd med riktig beitetrykk vil ho vere intakt (7RA-SJ:1). Aktuell bruksintensitet (7JB-BA) seier noko om kor intensivt eit areal er driven, t.d. kor hardt beitetrykket er, om det er nytta gjødsel og i tilfelle kor mykje, og heilt opp til dei aller mest intensive engene som vert pløgd, sådd og gjødsla med kunstgjødsel. Ei semi-naturleg eng skal ligge mellom trinna 2 og 4 som er ekstensiv bruk.

Beitemarksopp er ei gruppe sopp som ein berre finn på semi-naturleg eng som har vore i bruk i lang tid. Dei er svært vare for både gjødsel (også dyregjødsel) og jordarbeiding. I hovudsak er det snakk om raudsporar, voksoppar, kjøllsoppar og jordtunger. Dei er også følsame for ver- og fukttilhøve gjennom sommaren, slik at det ikkje er kvart år alle artane fruktiferer. Nokre år er gode og nokre

er mindre gode. Og ein må vere heldig for å treffe på dei optimale dagane eit gitt år for å finne dei. Det gjer at ein ikkje kan rekne med at alle artane som finnast i eit område vert funne under ei kartlegging. Erfaring frå kartlegging av slike artar gjennom fleire tiår viser at artsmangfaldet av beitemarksopp på ei eng vil auke med talet kartleggingar. Difor er målet for beitemarksopp sett høgare enn det som er funne på engane per dags dato.



Figur 17. Kjeglevokssopp funnen på engane nedanfor Vigdalsstøl/Sagarvollen. Ein kan kjenne han att på at han svartnar der han vert skada. Foto: Kirstin Maria Flynn Steinsvåg.



Figur 18. Området som var gjerda inn på Fjellstølen i september 2018 og mellom anna beita med hest. Her ser ein at det er mykje store bregner på enga. Foto: Kirstin Maria Flynn Stiensvåg.

Tabell 2. Bevaringsmål og tiltak på Fjellstølen i Vigdalen landskapsvernområde. NiN-omgrep: 7RA-SJ = rask suksesjon i semi-naturleg mark, 7RA-SJ:1 = intakt semi-naturleg mark, 7JB-BA = aktuell bruksintensitet, 7JB-BA:2 = svært ekstensiv bruk, 7JB-BA:3 = nokså ekstensiv bruk, 7JB-BA:4 = ekstensiv bruk,

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Areal/arealbruk				
Semi-naturleg eng med god hevd	Arealet av semi-naturleg eng som er intakt 7RA-SJ:1 og i adekvat bruk 7JB-BA:2-4 på Fjellstølen skal oppretthaldast og helst aukast ut over referansetilstanden i 2018.	Fjernanalyse ved bruk av flybilete med god oppløysing kvart 5. år, kombinert med oppgaver over tal dyr og dyreslag som vert slept i området og rapport frå styrt beiting. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år med kartlegging etter NiN (med hovud fokus på tilstandsvariablane 7RA-SJ og 7JB-BA).	<u>God</u> : Arealet av semi-naturleg eng med 7RA-SJ:1 og 7JB-BA:2-4 har auka samanlikna med referansetilstanden. <u>Middels</u> : Arealet av kulturmarkseng med 7RA-SJ:1 og 7JB-BA:2-4 er stabilt eller har vorte redusert med inntil 10 % samanlikna med referansetilstanden. <u>Dårleg</u> : Arealet av kulturmarkseng med 7RA-SJ:1 og 7JB-BA:2-4 er redusert med meir enn 10 % samanlikna med referansetilstanden pga. Lågt tal dyr/manglande beiting.	Oppretthalde beiteprosjektet på Fjellstølen og gjerne inkludera alle naturbeitemarkane. Det vil vere positivt for naturverdiane å auke talet beitedyr i dalen. Manuell rydding av bjørk rundt Fjellstølen med påfølgande styrt beite.

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvåkingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Diagnostiske artar				
Kravfulle artar i kulturlandskap Beitemarksopp	Førekomstar av beitemarksopp skal minst oppretthaldast på same nivå som i 2018 (referansetilstand). Det skal førekome beitemarksopp jamt fordelt på semi-naturleg eng på Fjellstølen. Minimum 5 artar bør ha vore registrert på eit godt år/i løpet av 3 registreringsperiodar.	Punktregistrering med teljing av tal førekomstar og artar (minst 2 meters mellomrom) i seminaturleg eng på Fjellstølen kvart 2. år. Det må stillast krav til relevant kompetanse hos personalet som gjennomfører teljing.	<u>God:</u> Førekomsten av kravfulle artar i kulturlandskap er stabil eller har auka samanlikna med referansetilstanden. <u>Middels:</u> Førekomsten av kravfulle artar i kulturlandskap viser en reduksjon på inntil 10 % samanlikna med referansetilstanden. <u>Dårleg:</u> Førekomsten av kravfulle artar i kulturlandskap viser reduksjon på meir enn 10 % samanlikna med referansetilstanden.	Det vil vere positivt for naturverdiane å auka talet beitedyr på Fjellstølen. Manuell rydding av bjørk rundt Fjellstølen og dels einer i lia ovanfor. Framleis styrt beiting med fleire dyreslag på stølen.
Innslag av framande artar				
Framande artar	Framande artar og regionalt ikkje heimehøyrande artar skal ikkje førekome i verneområdet.	Synfaring kvart 5. år, i kombinasjon med andre overvåkingsaktivitetar der ein fjernar oppslag.	<u>God:</u> Framande artar og regionalt ikkje heimehøyrande artar førekjem ikkje i verneområdet. <u>Middels:</u> Framande artar og regionalt ikkje heimehøyrande artar førekjem, men representerer ikkje eit trugsmål mot lokalt naturmangfald. <u>Dårleg:</u> Framande artar og regionalt ikkje heimehøyrande artar førekjem og representerer eit trugsmål mot lokalt naturmangfald.	Fjerning av all gran på og rundt Fjellstølen etter anbefalte metodar.
Problemartar				
Skogburkne og storbregner	Skogburkne skal ikkje førekome i seminaturleg eng på Fjellstølen.	Fjernanalyse ved bruk av bilete av området aust for stølshusa kvart 2. år. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år med registrering av areal med bregnedominans.	<u>God:</u> Skogburkne og storbregner førekjem ikkje på seminaturleg eng på Fjellstølen. <u>Middels:</u> Skogburkne og storbregner førekjem i kantane på seminaturleg eng, men representerer ikkje eit trugsmål mot lokalt naturmangfald. <u>Dårleg:</u> Skogburkne og storbregner førekjem på seminaturleg eng og representerer eit trugsmål mot lokalt naturmangfald.	Styrt beite med hest i områda med skogburkne i ei periode på hausten.

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvåkingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Einer	Einer skal reduserast med 50% i lia ovafor Fjellstølen samanlikna med referansetilstanden i 2018.	Fjernanalyse ved bruk av flybilete med god oppløysing kvart 5. år. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år med registrering av areal med einer.	<u>God:</u> Førekomstar av einer er redusert med 50% samanlikna med 2018 i semi-naturleg eng og boreal hei på Fjellstølen. <u>Middels:</u> Førekomstar av einer i semi-naturleg eng og boreal hei på Fjellstølen ligg på same nivå som i 2018 eller det er auke/reduksjon på inntil 10%. <u>Dårleg:</u> Førekomstar av einer har auka med meir enn 10% samanlikna med 2018 i semi-naturleg eng og boreal hei på Fjellstølen.	Manuell rydding av einer i lia ovanfor Fjellstølen.
Bjørk	Det skal ikkje førekomme bjørk på dei areala som er opne i 2018 (referansetilstand).	Fjernanalyse ved bruk av flybilete med god oppløysing kvart 5. år. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år der ein registrerer NiN-variabelen 7RA-SJ.	<u>God:</u> Bjørk førekjem ikkje på semi-naturleg eng på Fjellstølen. <u>Middels:</u> Bjørk førekjem i kantane på semi-naturleg eng, men representerer ikkje eit trugsmål mot lokalt naturmangfald. <u>Dårleg:</u> Bjørk førekjem på semi-naturleg eng og representerer eit trugsmål mot lokalt naturmangfald.	Manuell rydding av bjørk i semi-naturleg eng på Fjellstølen. Oppretthalde eller auke beitetrykk.
Kulturminne				
Steingjerde og støls- hus	Steingjerdet opp til Li Hans fjøset, grunnmuren til Vigdalsloftet og alle eksisterande bygg/sel på Fjellstølen/Vigdalsstøl	Fjernanalyse ved bruk av flybilete med god oppløysing kvart 5. år. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år der ein registrerer NiN-variabelen 7RA-SJ.	<u>God:</u> Areala rundt bygningane og steingjerdet er opne og framstår som eng <u>Middels:</u> Areala rundt bygningane og steingjerdet har mindre buskar <u>Dårleg:</u> Areala rundt bygningane og steingjerdet er attgrodd	Årleg slått rundt bygningar/bygningsrestar (dersom beite ikkje er nok til å halde vegetasjonen nede). Slåtteavfall bakketrørkast før det fjernast. Årleg rydding/slått av arealet langs steingjerdet om naudsynt (det kan vere nok med beite)

4.4 Skildring av tiltak

Halde fram med beiteprosjektet til Oddvar Vigdalen med styrt beite med kyr, sau og hest. Eventuelt kan også geit nyttast, men ein må vere merksam på at geit ikkje beitar på same vis som dei andre dyra og erstattar ikkje funksjonen deira fullt ut. Det optimale vil vere at geit kjem som eit supplement.

En bør halde fram med beite på arealet som har vore med i beiteprosjektet fram til no, men ein bør utvide det til å også inkludere arealet som er avgrensa som naturbeitemark etter DN-handbok 13-metodikken.

Ved slått rundt stølshusa og restar etter stølsbygg skal graset bakketørkast før det vert fjerna frå enga. Slått er berre naudsynt dersom det ikkje vert beita godt nok inntil bygningane. Det same gjeld området langs steinsgjerdet opp mot Li-Hans-fjøset. Er beitrykket hardt nok vil det ikkje kome oppslag her.



Figur 19. Steingjerdet som går opp til Li-Hans-fjøset. Her har det vore rydda for tre og buskar. Foto: Kirstin Maira Flynn Steinsvåg.

Rydding av bjørk og einer bør føljast opp med beite, gjerne gjennom gjerding av felt som er rydda for å få eit hardt nok beitrykk. Ein generelt auke av talet på beitedyr på stølane vil også vere eit godt tiltak saman med rydding. Områda rundt engene (og sjølvseg også engene i seg sjølv) bør prioriterast fyrst. Utover det kan ein prioritera områda langs stien både oppover og nedover dalen og områda ned mot elva. Områda nær inntil dei opne engene bør ryddast heilt for tre, medan ein på områda lenger unna kan plukkhogge for å opne opp noko og over tid opne meir og meir. I lia med einer kan ein godt rydde i fleire omgangar slik at ein opnar opp over tid.

Det er ein del skogbukkne og storbregner på austsida av stølshusa der det var gjerda inn i 2018. Det såg ut til at hestane beita på desse og dei er truleg ganske beitesvake artar. Difor foreslår ein her at ein prøver ut om hestebeite er nok til å fjerne dei. Ein kan prøve å gjerde inn hestane her i ein periode kvart år og sjå om det fungerer. Gjer det ikkje det, må ein moglegvis forsøke å slå det manuelt med ljå eller ryddesag. Då er det viktig at slåtteavfall vert fjerna frå enga og ikkje plassert slik at nedbryting kan gi næring til enga. Det kan brennast, men då bør det haldast til ein plass og det må ikkje vere kulturminne der.

Gran vert vinteren 2018-2019 fjerna frå Vigdalen LVO. Det vil framover vere viktig å følgje opp over tid at det ikkje kjem oppslag. Dette gjeld heile dalen, men er viktigast rundt Fjellstølen. Det er her det er størst fare for nytt oppslag. Det er mykje enklare å fjerne dei medan dei er små. Ein årleg runde for å leite etter gran bør etablerast.

Bevaringsmålet knytt til beitemarksopp er litt vanskeleg sidan artane ikkje alltid fruktifiserer kvart år. Difor kan ein ikkje knytte slike bevaringsmål til ein art og eit fast tal førekomstar av dei på ein nøyaktig plass. Det er valt eit lausare mål om at dei bør førekome jamt fordelt på Fjellstølen, og at ein skal ha funne minst 5 artar i løpet av 3 registreringar. Det er viktig at nokon med kompetanse på slike artar gjer denne registreringa.

Metodikken for denne registreringa vil vere å gå over alle naturbeitemarkene og registrere alle førekomstar av beitemarksopp med GPS og artsbestemme dei så godt det let seg gjere. Ein må rekna med at ein ikkje alltid kjem fram til art på alle funn, spesielt i gruppa raudsporar (*Entoloma*). Det er funne fleire av desse på Fjellstølen som ikkje har vore mogleg å artsbestemme sikkert. Det er likevel ofte mogleg å seie noko om tal forskjellige artar, sjølv om ein ikkje kan seie konkret kva for art det er. Det må vere minst 2 meters mellomrom mellom førekomstar av same art for at dei skal reknast som forskjellige individ.


5 SKJØTSELSPLAN FOR BREIDSETE

5.1 NiN-kartlegging

Kartlegginga etter NiN-systemet synte at mykje av arealet på og rundt Breidsete anten er intermediær semi-naturleg eng (T32-C-4) eller kalkfattig boreal lynghei (T31-C-2). Desse varier i tilstand og tilstanden vert betre di nærare stølen ein kjem. Områda rundt stølsbygningane er derimot noko meir gjødselpåverka og er kartlagt som intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-6).

Elles inngår ein del våtmark i NiN-kartet. Dette er anten litt kalkfattige og svakt intermediære myrflater (V1-C-2) eller litt kalkfattige og svakt intermediære myrkantar (V1-C-6). Myrane har vore beita i lang tid, men truleg ikkje slått. Likevel har ikkje beitetrykket vore så hardt at ein kan sjå denne påverknaden tydeleg og dei er dermed ikkje kartlagt som beitemyr. Det er likevel ein viss usikkerhet knytt til dette sidan kalkfattig semi-naturleg myr (V9-C-1) skiljer seg berre ubetydeleg frå litt kalkfattige og svakt intermediære myrflater (V1-C-2) og det difor er særns vanskeleg å skilja dei. Ingen typiske beitefaviserte artar vart funne på myrane og dei vart difor ikkje sett til semi-naturlege myrtypar.

I det sørlegaste myrområdet på Breidsete er det ein liten dam med kalkfattig helofytt-ferskvass-sump (L4-1).



Figur 20. Kart som viser NiN-kartlegginga for Fjellstølen og Breidsete. Fargene indikerer ulike kartleggingseiningar i NiN-systemet. Diagonale stripar viser at det er ein sammensatt naturtype der to eller fleire kartleggingseiningar opptre i mosaikk. Kartet viser ikkje kor stor del dei einskilde typene i ein mosaikk utgjer.

5.2 Naturtypelokalitetar og naturverdiar

I tillegg til NiN-kartlegging er stølsområda kartlagt etter metodikken i Miljødirektoratet si Handbok-13 om kartlegging av viktige naturtypar. Det er berre avgrensa ein viktig naturtype på Breidsete, ei naturbeitemark. Dei boreale heiane som ligg rundt engane er ikkje skilt ut som viktige naturtypar fordi dei er av fattige grunntypar og dermed ikkje kvalifiserer til lokalitetar etter kriteria i faktaarket frå 2014 (Larsen 2014). Dei kvalifiserer derimot til den raudlista naturtypen boreal hei (VU) (Hovstad mfl. 2018).

Det er funne fleire beitemarksopp på engane, og ein av dei er truleg heiraudspore som er raudlista som DD – datamangel. Den er ikkje tidlegare funnen i Sogn og Fjordane, og næraste funn ligg i Herøy kommune, Møre og Romsdal. Artsbestemmelsen er noko usikker og innsamlinga er levert til Naturhistoriske samlingar på Universitetet i Bergen.

Det er ingen tvil om at Breidsete har vore i bruk i lang tid, med spor får så langt tilbake som jernalderen. Den er framleis i god tilstand til tross for at det ikkje er nokon som driv stølen i dag. Dyra på utmarksbeite i Vigdalen likar seg godt her og difor har engane vorte haldne open. Det er lite teikn til attgroing, sjølv om noko bjørk kjem inn frå kantane. I området rundt stølsbygningane er det fleire parti som kan virke noko oppgjødsla. Det er også noko innslag av problemartar som brennesle og tyrihjel.



Figur 21. Avgrensing av den verdifulle naturtypelokaliteten på Breidsete i Vigdalen LVO. Vist med raud strek på flyfoto.

Myra sør for engane er dominert av bjønnskjegg, duskull, sveltstarr og stjernestarr og multe. Det vart ikkje funne artar som er særleg kalkkrevjande. Delar av han er så våt at det går over i ei helofytt-sump. Det er vurdert at han er for liten og for dårleg utvikla til å avgrense ein naturtypelokalitet med vasskantsamfunn her. Den er dominert av flaskestarr og har få andre artar, ingen raudlisteartar og er heller ikkje særleg frodig. Det er noko usikkerheit knytt til om han like vel burde vore skilt ut som ein naturtype.



Figur 22. Masse honningvokssopp er funnen på enga på Breidsete. Foto: Kirstin Maria Flynn Steinsvåg.

5.3 Bevaringsmål

Det er nytta NiN-omgrep både for å sette bevaringsmål og for å måle tilstand. Sjå bevaringsmål for Fjellstølen for ein nærare forklaring (kap. 4.3). Sjå også drøftinga rundt beitemarksopp under same kapittel.

Tabell 3. Bevaringsmål og tiltak på Breidsete i Vigdalen landskapsvernområde. NiN-omgrep: 7RA-SJ = rask suksesjon i semi-naturleg mark, 7RA-SJ:1 = intakt semi-naturleg mark, 7JB-BA = aktuell bruksintensitet, 7JB-BA:2 = svært ekstensiv bruk, 7JB-BA:3 = nokså ekstensiv bruk, 7JB-BA:4 = ekstensiv bruk, 7RA-BH = rask suksesjon i boreal hei, 7RA-BH:1 = intakt boreal hei.

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Areal/arealbruk				
Semi-naturleg eng med god hevd	Arealet av semi-naturleg eng som er intakt 7RA-SJ:1 og i adekvat bruk 7JB-BA:2-4 på Breidsete skal oppretthaldast og helst aukast ut over referansetilstanden i 2018.	Fjernanalyse ved bruk av flybilete med god oppløysing kvart 5. år, kombinert med oppgaver over tal dyr og dyreslag som slippes i området og rapport frå styrt beiting. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år med kartlegging etter NiN (med hovud fokus på tilstandsvariablane 7RA-SJ og 7JB-BA).	<u>God:</u> Arealet av semi-naturleg eng med 7RA-SJ:1 og 7JB-BA:2-4 har auka samanlikna med referansetilstanden. <u>Middels:</u> Arealet av semi-naturleg eng med 7RA-SJ:1 og 7JB-BA:2-4 er stabilt eller har vorte redusert med inntil 10 % samanlikna med referansetilstanden. <u>Dårleg:</u> Arealet av semi-naturleg eng med 7RA-SJ:1 og 7JB-BA:2-4 er redusert pga. lågt tal dyr/manglande beiting med meir enn 10 % samanlikna med referansetilstanden.	Det vil vere positivt for naturverdiane å auke talet beitedyr på Breidsete.
Boreal hei med god hevd	Arealet av boreal hei som er intakt 7RA-BH:1 på Breidsete skal oppretthaldast og helst aukast ut over referansetilstanden i 2018.	Fjernanalyse ved bruk av flybilete med god oppløysing kvart 5. år, kombinert med oppgaver over tal dyr og dyreslag som slippes i området og rapport frå styrt beiting. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år med kartlegging etter NiN (med hovud fokus på tilstandsvariablane 7RA-BH og 7JB-BA).	<u>God:</u> Arealet av boreal hei med 7RA-BH:1 har auka samanlikna med referansetilstanden. <u>Middels:</u> Arealet av boreal hei med 7RA-BH:1 er stabilt eller har vorte redusert med inntil 10 % samanlikna med referansetilstanden. <u>Dårleg:</u> Arealet av boreal hei med 7RA-BH:1 er redusert pga. lågt tal dyr/manglande beiting med meir enn 10 % samanlikna med referansetilstanden.	Det vil vere positivt for naturverdiane å auke talet beitedyr på Breidsete. Manuell rydding av eigner og bjørkeoppslag på morenerygger med boreal hei.
Diagnostiske artar				
Kravfulle artar i kulturlandskap Beitemarksopp	Førekostar av beitemarksopp skal minst oppretthaldast på	Punktregistrering med teljing av tal førekostar og artar (minst 2 meters	<u>God:</u> Førekosten av kravfulle artar i kulturlandskap er stabil eller	Det vil vere positivt for naturverdiane å auke

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
	<p>same nivå som i 2018 (referansetilstand).</p> <p>Det skal førekome beitemarksopp jamt fordelt på semi-naturleg eng på Breidsete.</p> <p>Minimum 7 artar bør ha vore registrert på eit godt år/i løpet av 3 registreringsperiodar.</p>	<p>mellomrom) i semi-naturleg eng på Breidsete kvart 2. år.</p> <p>Det må stillast krav til relevant kompetanse hos personalet som gjennomfører teljing.</p>	<p>har auka samanlikna med referansetilstanden.</p> <p>Middels: Førekkomsten av kravfulle arter i kulturlandskap viser en reduksjon på inntil 10 % samanlikna med referansetilstanden.</p> <p>Dårleg: Førekkomsten av kravfulle arter i kulturlandskap viser reduksjon på meir enn 10 % samanlikna med referansetilstanden.</p>	<p>talet beitedyr på Breidsete.</p>
Problemartar				
Brennesle og tyrihjel	<p>Brennesle og tyrihjel skal ikkje førekome i semi-naturleg eng på Breidsete.</p>	<p>Fjernanalyse ved bruk av bilete av området rundt stølshusa kvart 2. år.</p> <p>Tilstandssjekk i felt kvart 10. år med registrering av areal med problemartar.</p>	<p>God: Brennesle og tyrihjel førekjem ikkje på semi-naturleg eng på Breidsete.</p> <p>Middels: Brennesle og tyrihjel førekjem på semi-naturleg eng rundt stølshusa, men berre på små areal, flekkar under 2m².</p> <p>Dårleg: Brennesle og tyrihjel førekjem på semi-naturleg eng med flekkar over 2m².</p>	<p>Tyrihjel ryddast før frøsetting med ryddesag. Avfall må fjernast og gjerne brennast.</p> <p>Brennesle bør slåast fleire gongar gjennom sesongen og avfall bør fjernast og gjerne brennast.</p>
Kulturminne				
Fangstgroper	<p>Dei seks fangstgroperne sørvest for Breidsete skal vere synlege og frie for tre.</p>	<p>Tilstandssjekk i felt kvart 5. år med registrering av vegetasjon i og i ein radius på 5 meter rundt groperne.</p>	<p>God: Det er ingen tre eller buskar i ein radius på 5 meter rundt fangstgroperne.</p> <p>Middels: Det er ingen tre eller buskar i fangstgroperne og under 3 i ein radius på 5 meter rundt fangstgroperne.</p> <p>Dårleg: Det er tre og buskar rundt og i fangstgroperne.</p>	<p>Det vil vere positivt å auke talet beitedyr i dalen.</p> <p>Fjerne tre og buskar i og rundt fangstgroperne i ein radius på 5 meter.</p>
Tuftar og kokegroper	<p>Dei 8 tuftene og om lag 60 kokegroperne på Breidsete skal ikkje skadast eller gro att.</p>	<p>Tilstandssjekk i felt kvart 10. år.</p>	<p>God: Det er ingen tre eller buskar på naturbeitemarka på Breidsete. Inga visuelle tråkkadar i marka.</p> <p>Middels: Det er noko teikn til attgroing i naturbeitemarka</p>	<p>Det vil vere positivt å auke talet beitedyr i dalen.</p>

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
			<p>ELLER: det er noko trakk-skadar på naturbeitemarka</p> <p><u>Dårleg</u>: Det er omfattande attgroing i naturbeitemarka</p> <p>ELLER: det er omfattande trakk-skadar på naturbeitemarka</p>	

5.4 Skildring av tiltak

Fleire beitedyr i dalen vil auke beitetrykket, også på Breidsete. Det er lite oppslag av bjørk og andre buskar i semi-naturleg eng på Breidsete, men det er noko i dei boreale heiane. For det meste er det framleis relativt unge tre og buskar som kan fjernast manuelt og skånsamt med tanke på å bevare moreneryggane i landskapet. Dette tiltaket samsvarar med bevaringsmålet for å gjere moreneryggane meir synlege i dalføret (jf. kap 3.4). Det er viktig at rydding skjer i samanheng med tilstrekkeleg beitetrykk. På både naturbeitemark og boreal hei kan bjørk fjernast heilt, medan ein kan gjennomføre plukkhogst om ein skal opne opp andre areal.



Figur 23. Tyrihjelms og brennesle er registrert på Breidsete. Desse reknast for problemartar når dei førekjem på naturbeitemark. Foto: Kirstin Maria Flynn Steinsvåg.

Meir beite på Breidsete vil truleg ikkje ha negativ påverknad på tuftene og kokegropene her. Det er viktig at desse ikkje vert skada. For intensivt beite med storfe og hest kan gje trakkskadar som kan øydelegge kulturminner. Det bør ikkje settast opp gjerde på enga sidan gjerdestolpar også kan skade kulturminner. Det er eit såpass høgt tal kokegropar som er dårleg stadfesta at det vil vere vanskeleg å ikkje skade nokon med stolpane. Om ein ryddar tre må dei ikkje rivast opp med rota.

Fjerning av tyrihjelmer og brennesle bør skje ved årleg slått. Ein kan gjerne slå brennesle fleire gongar pr. sesong og tyrihjelmer før frøsetting. Det kan etablerast ein brenningsplass for brenning av slåtteavfallet, men denne plassen må avtalast med kulturminnemyndigheita for å unngå skade på kulturminne.

Rydding i og rundt fangstgropene må gjerast skånsamt og i samanheng med eit høgt nok beitetrykk. Røter må ikkje rivast opp sidan det kan skade fangstgropene.


Bevaringsmålet knytt til beitemarksopp er litt vanskeleg sidan artane ikkje alltid fruktiferar kvart år (sjå kap. 4.4 for meir informasjon). Difor er det valt eit mål om at dei bør førekome jamt fordelt på Breidsete, og at ein skal ha funne minst 7 artar i løpet av 3 registreringar. Det er viktig at nokon med kompetanse på slike artar gjer denne registreringa.

Metodikken for denne registreringa vil vere å gå over heile naturbeitemarka og registrere alle førekomstar av beitemarksopp med GPS og artsbestemme dei så godt det let seg gjere. Ein må rekna med at ein ikkje alltid kjem fram til art på alle funn, spesielt i gruppa raudsporar (*Entoloma*). Det må vere minst 2 meters mellomrom mellom førekomstar av same art for at dei skal reknast som forskjellige individ.

6 SKJØTSELSPLAN FOR DRIVANDE

6.1 NiN-kartlegging

Kartlegginga etter NiN-systemet synte at mykje av arealet rundt Drivande er ein mosaikk av intermediaer semi-naturleg eng (T32-C-4) og kalkfattig boreal lynghei (T31-C-2). Områda umiddelbart rundt stølsbygningane er derimot noko meir gjødselpåverka og er sartlagt som intermediaer eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-6). Nordaust for stølen er det eit søkk med myr av typen litt kalkfattig og svakt intermediaer myrkant (V1-C-6). Myra har nok vore beita i lang tid, men ikkje så hardt at ein kan sjå denne påverknaden tydeleg og dermed kartlegga den som beitemyr.



Figur 24. Kart som viser NiN kartleggingsenheter på Drivande. Fargene indikerer ulike kartleggingseiningar i NiN-systemet. Der det er diagonale stripar viser det at det er ein sammensett naturtype der to eller fleire kartleggingseiningar opptre i mosaikk. Kartet viser ikkje kor stor del dei einkilde typane i ein mosaikk utgjer.

6.2 Naturtypelokalitetar og naturverdiar

I tillegg til NiN-kartlegging er stølsområda kartlagt etter metodikken i Miljødirektoratet si Handbok-13 om kartlegging av viktige naturtypar. Eit område er avgrensa som viktig naturtype på Drivande. Dette er ei naturbeitemark med verdi B – viktig. Enga har også innslag av boreal lynghei, men det er semi-naturleg eng som dominerer. Det er funne fleire beitemarksopp i lokaliteten, også ein raudlistteart, halmgul køllesopp (VU). Dette er berre det andre funnet av arten i Luster kommune, og for såvidt også i Indre-Sogn.

Enga har litt varierende tilstand. Ho er ganske prega av attgroing sjølv om mykje av trea og buskene i sentrale delar er rydda. Ut mot kantane er det ein god del oppslag av bjørk og det ein del einer i

øvre del. Områda rundt stølshusa er også noko gjødselpåverka, anten av gjødsling eller som følge av attgroinga. Det er fleire felt med både brennesle og tyrihjel, særleg nedanfor bygningane.



Figur 25. Naturbeitemarka på Drivande har mykje innslag av bart berg og er grunnlendt. Foto: Kirstin Maria Flynn Steinsvåg.



Figur 26. Avgrensing av naturbeitemarka på Drivande i Vigdalen LVO er vist med raud strek på flyfoto.

6.3 Bevaringsmål

Det er nytta NiN-omgrep både for å fastsette bevaringsmål og for å måle tilstand. Sjå bevaringsmål for Fjellstølen for ein nærare forklaring (kap. 4.3). Sjå også drøftinga rundt beitemarksopp under same kapittel.

Tabell 4. Bevaringsmål og tiltak på Drivande i Vigdalen landskapsvernområde. NiN-omgrep: HI = hevdintensitet, HI-b = svært ekstensivt hevdpreg, HI-c = typisk ekstensivt hevdpreg, HI-d = nokså ekstensivt hevdpreg

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Areal/arealbruk				
Semi-naturleg eng/boreal hei med god hevd	Arealet av semi-naturleg eng som er intakt 7RA-SJ:1 og i adekvat bruk 7JB-BA:2-4 og av boreal hei som er intakt 7RA-BH:1 på Drivande skal oppretthaldast og helst aukast ut over referansetilstanden i 2018.	Fjernanalyse ved bruk av flybilete med god oppløysing kvart 5. år, kombinert med oppgaver over tal dyr og dyreslag som vert sleppt i området og rapport frå styrt beiting. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år med kartlegging etter NiN (med hovud fokus på tilstandsvariablane 7RA-SJ og 7JB-BA).	<u>God</u> : Arealet av semi-naturleg eng med 7RA-SJ:1 og 7JB-BA:2-4 og av boreal hei med 7RA-BH:1 har auka samanlikna med referansetilstanden. <u>Middels</u> : Arealet av semi-naturleg eng med 7RA-SJ:1 og 7JB-BA:2-4 og av boreal hei med 7RA-BH:1 er stabilt eller har vorte redusert med inntil 10 % samanlikna med referansetilstanden. <u>Dårleg</u> : Arealet av semi-naturleg eng med 7RA-SJ:1 og 7JB-BA:2-4 og av boreal hei med 7RA-BH:1 er redusert pga. lågt tal dyr/manglande beiting med meir enn 10 % samanlikna med referansetilstanden.	Det vil vere positivt for naturverdiane å auke talet beitedyr i dalen. Manuell rydding av bjørkeoppslag og einer rundt Drivande. Evt. kan Drivande også gjerdast inn og gjerne beitast av fleire dyreslag gjennom sesongen.
Diagnostiske artar				
Kravfulle artar i kulturlandskap Beitemarksopp	Førekomstar av beitemarksopp skal minst oppretthaldast på same nivå som i 2018 (referansetilstand). Det skal førekome beitemarksopp jamt fordelt i semi-naturleg eng på Drivande. Minimum 9 artar bør ha vore registrert på eit godt år/i løpet av 3 registreringsperiodar.	Punktregistrering med teljing av tal førekomstar og artar (minst 2 meters mellomrom) i semi-naturleg eng på Drivande kvart 2. år. Det må stillast krav til relevant kompetanse hos personalet som gjennomfører teljing.	<u>God</u> : Førekomsten av kravfulle artar i kulturlandskapet er stabil eller har auka samanlikna med referansetilstanden. <u>Middels</u> : Førekomsten av kravfulle artar i kulturlandskapet viser en reduksjon på inntil 10 % samanlikna med referansetilstanden. <u>Dårleg</u> : Førekomsten av kravfulle artar i kulturlandskapet viser reduksjon på meir enn 10 % samanlikna med referansetilstanden.	Det vil vere positivt for naturverdiane å auke talet beitedyr på Drivande.

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Problemartar				
Brennesle og tyrihjeml	Brennesle og tyrihjeml skal ikkje førekome i semi-naturleg eng på Drivande.	Fjernanalyse ved bruk av bilete av området rundt stølshusa kvart 2. år. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år med registrering av areal med problemartar	<u>God</u> : Brennesle og tyrihjeml førekjem ikkje på semi-naturleg eng på Drivande. <u>Middels</u> : Brennesle og tyrihjeml førekjem på semi-naturleg eng rundt stølshusa, men representerer ikkje eit trugsmål mot lokalt naturmangfald. <u>Dårleg</u> : Brennesle og tyrihjeml førekjem på semi-naturleg eng og representerer eit trugsmål mot lokalt naturmangfald.	Stimulere til beite med kyr på Drivande. (Eventuelt gjerde inn eit areal her for å få kyra til å gå spesifikt i områda med tyrihjeml.) Om dette ikkje er mogleg kan tyrihjeml ryddast før frøsetting med ryddesag. Avfall må fjernast og gjerne brennast. Brennesle bør slåast fleire gongar gjennom sesongen og avfall bør fjernast og gjerne brennast.

6.4 Skildring av tiltak

Fleire dyr i dalen vil auke beitetrykket, i alle fall i nokon grad også på Drivande. Drivande ligg eit stykke frå området der dyra går mest. Difor vil den sikraste måten å få eit godt beitetrykk på vere å gjerde inn dyr her, gjerne med samarbeite av fleire dyreslag.



Figur 27. Honingvokssopp var ein av artane for vart funnen på enga på Drivande. Foto: Kirstin Maria Flynn Steinsvåg.

Det er ein del oppslag av bjørk og einer i området rundt Drivande, spesielt i lia nord for stølshusa. Rydding av dette bør skje i kombinasjon med auka beitetrykk. Det er potensiale til å auke noko areal ved rydding i kantane, men dette tiltaket bør ein ikkje byrja med før det er eit hardt nok beitetrykk på stølen til å halde det opent. Dei største naturverdiane på stølen er knytt til beitemarksopp, og det er tilstrekkelig beitetrykk som viktigast for å ta vare på dei også.

Fjerning av tyrihjelmer og brennesle. Tyrihjelmer er ein trakksvak art som særleg er sårbar for storfe-trakk som øydelegg rotsystemet deira. Difor er dette eit argument til for å gjerde inn eit område der området med tyrihjelmer er inkludert og beite med kyr. Slått er også eit alternativ. Ein kan slå brennesle fleire gonger pr. sesong og tyrihjelmer før frøsetting. Det kan etablerast ein brenningsplass der avfallet vert brent, helst utanfor den semi-naturlege enga.



Figur 28. Tyrihjelmer og brennesle nedanfor eit av bygga som står på Drivande. Foto: Kirstin Maria Flynn Steinsvåg.

Bevaringsmålet knytt til beitemarksopp er litt vanskeleg sidan artane ikkje alltid fruktiferer kvart år (sjå kap. 4.4 for meir informasjon). Difor er det valt eit mål om at dei bør førekome jamt fordelt på Drivande, og at ein skal ha funne minst 9 artar i løpet av 3 registreringar. Det er viktig at nokon med kompetanse på slike artar gjer denne registreringa.

Metodikken for denne registreringa vil vere å gå over heile naturbeitemarka og registrere alle førekomstar av beitemarksopp med GPS og artsbestemme dei så godt det let seg gjere. Ein må rekna med at ein ikkje alltid kjem fram til art på alle funn, spesielt i gruppa raudsporar (*Entoloma*). Det må vere minst 2 meters mellomrom mellom førekomstar av same art for at dei skal reknast som forskjellige individ.

7 KJELDER

7.1 Skriftlege kjelder

Aa, A. R. & Sønstegaard, E. 2006. Breheimen – Mørkrisdalen. Geologi og landformer. Høgskulen i Sogn og Fjordane Rapport 1-06, 111 s.

Artsdatabanken (2018). Norsk rødliste for naturtyper 2018. Henta (3.12.18) frå <https://artsdatabanken.no/rodlisefornaturtyper>

Artsdatabanken (2018). Fremmedartslista 2018. Henta (18.1.19) frå <https://www.artsdatabanken.no/fremmedartslista2018>

Byrkjeland, L. 2018. Overvaking av bevaringsmål i Mørkrisdalen og Vigdalen 2018. Statens Naturoppsyn, Notat 19.12.2018.

Byrkjeland, L. 2015. Fangstanlegg for reinsdyr nedom Breidsete i Vigdalen LVO, Luster kommune. Statens Naturoppsyn, Notat 23.10.2015.

Direktoratet for naturforvaltning. 2010. Forvaltningshåndboka. Områdevern og forvaltning. DN-Håndbok 17. Revidert 2010.

Henriksen S. og Hilmo O. (red.) 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge

Hovstad, K. A., Johansen, L., Arnesen, G., Svalheim, E. & Velle, L. G. (2018). Semi-naturlig eng, Semi-naturlig. Rødlista for Naturtyper 2018. Artsdatabanken. Henta (3.12.18) frå: <https://artsdatabanken.no/RLN2018/72>

Hovstad, K. A., Johansen, L., Arnesen, G., Svalheim, E. & Velle, L. G. (2018). Boreal hei, Semi-naturlig. Rødlista for Naturtyper 2018. Artsdatabanken. Henta (3.12.18) frå: <https://artsdatabanken.no/RLN2018/71>

Riksantikvaren. 2019. Askeladden. Henta (4.1.2019) frå: <https://askeladden.ra.no/AskeladdenRedigering/#>

Storøy, A. 2008. Vern av Breheimen – Mørkrisdalen. Konsekvensutredning kulturminner og kulturmiljø. Asplan Viak rapport 516378, utgåve 3/2008-05-19.

7.2 Munnlege kjelder

<i>Namn</i>	<i>Organisasjon/rolle</i>
Oddvar Vigdal	Grunneigar
Willy Vigdal	Grunneigar
Lasse Tuften	Grunneigar
Kjell Arne Valvik	Konsulent, Asplan Viak

8 VEDLEGG - LOKALITETSSKILDNINGAR

På dei neste sidene følgjer faktaark for alle registrerte naturtypelokalitetar registrert i Vigdalen.

8.1 Fjellstølen nord

Posisjon:	412751,6821787
Naturtype(r):	Naturbeitemark
Utforming(er):	Fattig beiteeng
Verdi:	C
Siste feltsjekk:	5.9.2018

Skildring

Innleiing: Skildringa er lagt inn 7.1.2019 av Kirstin Maria Flynn Steinsvåg (Miljøfaglig Utredning), på grunnlag av eige feltarbeid 5.9.2018. Undersøkinga er gjort på oppdrag frå Breheimen nasjonalparkstyre i samband med utarbeiding av skjøtselsplan for kulturlandskapet i Vigdalen LVO. Lokaliteten er ikkje kartlagt tidlegare.

Geografi og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord og nordaust for stølsområda på Vigdalsstølen/Fjellstølen i Vigdalen landskapsvernområde i Luster kommune, Sogn og Fjordane. Berggrunnen i området består i hovudsak av harde bergartar som granittisk til kvartsdiorittisk gneis og gjev ikkje opphav til spesielt kalkkrevjande vegetasjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten omfattar ei naturbeitemark i mosaikk med fattig boreal hei og bert berg i ein bratt skråning ovanfor stølen. Den er relativt berglendt med mykje bert berg. Naturbeitemarka har utforminga fattig beiteeng. Semi-naturleg eng (som omfattar naturbeitemark) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Hovstad mfl. 2018). Boreal hei er også oppført på raudlista som sårbar (VU) (Hovstad mfl. 2018), men det er berre dei rike utformingane som skal gje opphav til lokalitetar etter DN-handbok 13 (nyaste faktaark frå 2014). Sidan den fattige boreale heia her opptre i mosaikk med naturbeitemark er arealet teke med. Etter NiN 2.0 er grunntype i hovudsak intermedieær eng med klart hevdpreg T32-4 (30%), kalkfattig boreal lynghei T31-2 (40%) og uttørkingseksponerte svært og temmelig kalkfattige berg T1-2 (30%).

Artsmangfald: Enga er dominert av finnskjegg og smyle med andre artar som tepperot, fjellmarikåpe, blåklokke, lækjeveronika og slåtestarr. Der det er boreal hei er det mellom anna blåbær, tyttebær, krekling, blokkebær, røsslyng og einer. Fleire stader har eineren vorte stor. Det vart ikkje funne nokon beitemarksopp her, men truleg er det potensiale for nokre mindre krevjande artar her.

Bruk, tilstand og påverknad: Stølen vert beita av sau, kyr og noko hest. Delar av stølen er inngjerda og beita relativt hard, men det gjeld ikkje denne lokaliteten. Her er beitetrykket noko lågare og det er prega av attgroing med einer, men også noko bjørk. Attgroinga går seint på grunn av at det er så grunnlendt.

Framande artar: Det er framande granartar på stølen, men ingen er registrert i denne lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit kulturlandskap som er i drift. Det er fleire naturbeitemarkar sør for lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på artsmangfaldet i lokaliteten bør han ikkje utsettast for tekniske inngrep eller gjødsling. Beite er viktig for å halde lokaliteten i hevd og rydding av einer vil vere ein fordel.

Verdisetting: Lokaliteten er relativt stor (14 daa), men han har ingen raudlista artar og har teikn til attgroing sjølv om han er i bruk. Det er likevel potensiale for funn av beitemarksopp her. Karplantefloraen er ikkje undersøkt i den optimale delen av vekstsesonen, men det truleg under 20 habitatspesialistar. Samla verdi vert vurdert til C (lokalt viktig) (jf. kriteria i oppdatert faktaark frå 2014).

8.2 Fjellstølen

Posisjon: 412760,6821730
Naturtype(r): Naturbeitemark
Utforming(er): Fattig beiteeng
Verdi: C
Siste feltsjekk: 5.9.2018

Skildring

Innleiing: Skildringa er lagt inn 8.1.2019 av Kirstin Maria Flynn Steinsvåg (Miljøfaglig Utredning), på grunnlag av eige feltarbeid 5.9.2018. Undersøkinga er gjort på oppdrag frå Breheimen nasjonalparkstyre i samband med utarbeiding av skjøtselsplan for kulturlandskapet i Vigdalen LVO. Lokaliteten er ikkje kartlagt tidlegare.

Geografi og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på den øvre delen av stølen på Vigdalsstølen/Fjellstølen i Vigdalen landskapsvernområde i Luster kommune, Sogn og Fjordane. Berggrunnen i området består i hovudsak av harde bergartar som granittisk til kvartsdiorittisk gneis, men lokaliteten er meir prega av morenemassane den ligg på. Dei gjev ikkje opphav til spesielt kalkkrevjande vegetasjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten omfattar ei naturbeitemark med utforminga fattig beiteeng. Semi-naturleg eng (som omfattar naturbeitemark) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Hovstad mfl. 2018). Etter NiN 2.0 er grunntype i hovudsak intermediaær eng med klart hevdpreg T32-4, med noko intermediaær eng med svakt preg av gjødsling T32-6 i dei sentrale delene rundt stølsbygningane. I skråninga sør for lokaliteten er det innslag av kalkfattig boreal lynghet T31-2.

Artsmangfald: Enga er dominert av finnskjegg med noko sølvbunke og smyle. Elles finst artar som gulaks, fjelltimotei, tepperot, fjellmarikåpe, blåkløkke, kystmaure, hårsveve, ryllik, firkantperikum. Rundt stølshusa er det ein del kvitkløver, og engsyre og nokre få høymole. I skråninga i sør er det ein god del blåbær og noko einer og røsslyng. Av beitemarksopp vart det funne gul småkøllesopp, beiteraudspore (5 funn) og to ukjente raudsporar. Truleg er det potensiale for nokre fleire av dei mindre krevjande artane her.

Bruk, tilstand og påverknad: Stølen vert beita av sau, kyr og noko hest. Delar av stølen har vore inngjerda i periodar for å auke beitetrykket. Det meste av arealet er i god hevd, men i kantane har nok beitetrykket vore noko lågare og det er prega av attgroing med bjørk i desse områda. Dei midtre delane er prega av noko gjødselpåverknad, særleg rundt stølsbygningane.

Framande artar: Det er framande granartar på stølen, men ingen er registrert i denne lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit kulturlandskap som er i drift. Det er fleire naturbeitemarker sør for lokaliteten, og ein nordafor.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på artsmangfaldet i lokaliteten bør han ikkje utsettast for tekniske inngrep eller gjødsling. Beite er viktig for å halde lokaliteten i hevd og rydding av bjørk vil vere ein fordel.

Verdisetting: Lokaliteten er relativt stor (18 daa), men han har ingen raudlisteartar og lite teikn til attgroing sjølv om det er noko i kantane. Noko teikn til gjødsling i midtre delar. Karplantefloraen er ikkje undersøkt i den optimale delen av vekstsesonen, men det truleg under 20 habitatspesialistar.

Det er funne beitemarksopp og truleg kan det vere fleire artar enn det som er registrert til no. Samla verdi vert vurdert til C (lokalt viktig) (jf. kriteria i oppdatert faktaark frå 2014).

8.3 Vigdalstøl

Posisjon: 412870,6821652
Naturtype(r): Naturbeitemark
Utforming(er): Fattig beiteeng
Verdi: C
Siste feltsjekk: 5.9.2018

Skildring

Innleiing: Skildringa er lagt inn 8.1.2019 av Kirstin Maria Flynn Steinsvåg (Miljøfaglig Utredning), på grunnlag av eige feltarbeid 5.9.2018. Undersøkinga er gjort på oppdrag frå Breheimen asjonalparkstyre i samband med utarbeiding av skjøtelsesplan for kulturlandskapet i Vigdalen LVO. Lokaliteten er ikkje kartlagt tidlegare.

Geografi og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på den nedre delen av stølen på Vigdalsstølen/Fjellstølen i Vigdalen landskapsvernområde i Luster kommune, Sogn og Fjordane. Lokaliteten grenser til små plantefelt med gran på fleire kantar. Berggrunnen i området består i hovudsak av harde bergartar som granittisk til kvartsdiorittisk gneis, men lokaliteten er meir prega av morenemassane den ligg på. Dei gjev ikkje opphav til spesielt kalkkrevjande vegetasjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten omfattar ei naturbeitemark med utforminga fattig beiteeng. Semi-naturleg eng (som omfattar naturbeitemark) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Hovstad mfl. 2018). Etter NiN 2.0 er grunntype i hovudsak intermedier eng med klart hevdpreg T32-4.

Artsmangfald: Enga er dominert av finnskjegg med noko sølvbunke og smyle. Elles finst artar som gulaks, tepperot, fjellmarikåpe, blåklokke, kystmaure, ryllik og lækjeveronika. Nokre stadar er det innslag av blåbær og røsslyng. Av beitemarksopp vart det funne kjeglevokssopp (3 funn) og ein ukjent raudspore. Truleg er det potensiale for nokre fleire av dei mindre krevjande artane her.

Bruk, tilstand og påverknad: Stølen vert beita av sau, kyr og noko hest. Det meste av arealet er i god hevd, men i kantane har nok beitetrykket vore noko lågare og det er planta gran på fleire kantar som gir ein del skugge.

Framande artar: Det er framande granartar rundt eng, men dei er ikkje artsbestemt. Det er noko spreiding, men det er ikkje observert noko i lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit kulturlandskap som er i drift. Det er fleire naturbeitemarkar både sør og nord for lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på artsmangfaldet i lokaliteten bør han ikkje utsettast for tekniske inngrep eller gjødsling. Beite er viktig for å halde lokaliteten i hevd og rydding av gran vil vere ein fordel.

Verdisetting: Lokaliteten er relativt stor (7 daa), men han har ingen raudlisteartar og lite teikn til atgroing. Noko påverknad frå framande artar, særleg i kantane. Karplantefloraen er ikkje undersøkt i den optimale delen av vekstsesongen, men det er truleg under 20 habitatspesialistar. Det er funne beitemarksopp og truleg kan det vere fleire artar enn det som er registrert til no. Samla verdi vert vurdert til C (lokalt viktig) (jf. kriteria i oppdatert faktaark frå 2014).

8.4 Breidsete

Posisjon:	413051,6821450
Naturtype(r):	Naturbeitemark
Utforming(er):	Fattig beiteeng
Verdi:	B
Siste feltsjekk:	4.9.2018

Skildring

Innleiing: Skildringa er lagt inn 8.1.2019 av Kirstin Maria Flynn Steinsvåg (Miljøfaglig Utredning), på grunnlag av eige feltarbeid 4.9.2018. Undersøkinga er gjort på oppdrag frå Breheimen nasjonalparkstyre i samband med utarbeiding av skjøtselsplan for kulturlandskapet i Vigdalen LVO. Lokaliteten er ikkje kartlagt tidlegare.

Geografi og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på stølen Breidsete i Vigdalen landskapsvernområde i Luster kommune, Sogn og Fjordane. Lokaliteten grenser til fattig boreal hei og myr på fleire kantar. Berggrunnen i området består i hovudsak av harde bergartar som granittisk til kvartsdiorittisk gneis, men lokaliteten er meir prega av morenemassane han ligg på. Dei gjev ikkje opphav til spesielt kalkkrevjande vegetasjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten omfattar ei naturbeitemark med utforminga fattig beiteeng. Semi-naturleg eng (som omfattar naturbeitemark) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Hovstad mfl. 2018). Etter NiN 2.0 er grunntype i hovudsak intermediaær eng med klart hevdpreg T32-4, med noko intermediaær eng med svakt preg av gjødsling T32-6 rundt stølsbygningane i sentrale delar. Det er også eit mindre parti som er meir fuktig og går over mot kalkfattig jordvassmyr (V1-2).

Artsmangfald: Enga er dominert av finnskjegg, gulaks, engkvein og noko sølvbunke og smyle. Elles finst artar som fjelltimotei, slåttestarr, harestarr, tepperot, fjellmarikåpe, blåklukke og ryllik. Rundt stølshusa er det eit område som er meir prega av gjødsel der ein finn artar som engsyre, kvitkløver, engsoleie og firkantperikum. Nokre felt med mykje brennesle og tyrihjelmer er det også inntil bygningar. Av beitemarksopp vart det funne skjørvokssopp (2 funn), honningvokssopp (5 funn) og beiteraudspore (7 funn), samt eit funn av heiraudspore (DD). Truleg er det potensiale for nokre fleire beitemarksoppartar her.

Bruk, tilstand og påverknad: Stølen vert beita av sau og kyr. Det meste av arealet er i god hevd, men midtre delar er prega av noko gjødsling og problemartar som brennesle og tyrihjelmer einskilde plassar.

Framande artar: Det er ikkje registrert framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit kulturlandskap som er i drift. Det er fleire naturbeitemarkar på den andre sida av elva, samt på Drivande.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på artsmangfaldet i lokaliteten bør han ikkje utsettast for tekniske inngrep eller gjødsling. Beite er viktig for å halde lokaliteten i hevd og rydding av bjørk der det er noko oppslag vil vere ein fordel. Det er mange automatisk freda kulturminne på enga som må takast omsyn til ved skjøtsel.

Verdisetting: Lokaliteten er relativt stor (34 daa) og det er lite teikn til attgroing. Karplantefloraen er ikkje undersøkt i den optimale delen av vekstsesongen, men det er truleg under 20 habitatspesialistar. Det er funne fleire artar beitemarksopp og truleg kan det vere fleire artar enn det som er registrert til no. Ingen raudlisteartar er funne, men ein av beitemarksoppene er registrert med datamangel (DD). Samla verdi vert vurdert til B (viktig) (jf. kriteria i oppdatert faktaark frå 2014).

8.5 Drivande

Posisjon:	413558,6820951
Naturtype(r):	Naturbeitemark
Utforming(er):	Fattig beiteeng
Verdi:	B
Siste feltsjekk:	4.9.2018

Skildring

Innleiing: Skildringa er lagt inn 8.1.2019 av Kirstin Maria Flynn Steinsvåg (Miljøfaglig Utredning), på grunnlag av eige feltarbeid 4.9.2018. Undersøkinga er gjort på oppdrag frå Breheimen nasjonalparkstyre i samband med utarbeiding av skjøtselsplan for kulturlandskapet i Vigdalen LVO. Lokaliteten er ikkje kartlagt tidlegare.

Geografi og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på stølen Drivande i Vigdalen landskapsvernområde i Luster kommune, Sogn og Fjordane. Lokaliteten grenser til ei blanding av fattig kulturmarkseng og fattig boreal hei i attgroing. Berggrunnen i området består i hovudsak av harde bergartar som granittisk til kvartsdiorittisk gneis som ikkje gjev opphav til spesielt kalkkrevjande vegetasjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten omfattar ei naturbeitemark med utforminga fattig beiteeng. Semi-naturleg eng (som omfattar naturbeitemark) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Hovstad mfl. 2018). Etter NiN 2.0 er grunntype i hovudsak intermediaær eng med svakt preg av gjødsling T32-6 med noko intermediaær eng med klart hevdpreg T32-4 i lia ovanfor stølshusa. Det er også innslag av kalkfattig boreal lynghei T31-2 i lia.

Artsmangfald: Enga er dominert av finnskjegg og sølvbunke, med andre artar som gulaks, engkvein, fjelltimotei, slåttestarr, harestarr, tepperot, fjellmarikåpe, blåklokke, jonsokkoll, blåkoll, lækjeveronika, hårsveve og ryllik. Rundt stølshusa er det eit område som er meir prega av gjødsel der ein finn artar som kvitkløver og firkantperikum. Det er også fleire felt med mykje brennesle og tyrihjelms inn-til bygningar og aust for stølen. Av beitemarksopp vart det funne skjørvokssopp (1 funn), honningvokssopp (2 funn), papegøyevokssopp (1 funn), beiteraudspore (2 funn), halmgul køllesopp (VU, 1 funn), elfenbeinshette (1 funn). Truleg er det potensiale for nokre fleire beitemarksopp.


Bruk, tilstand og påverknad: Stølen vert beita av sau, men beitetrykket er noko lågt og området er prega av attgroing. Det har vore rydda ein god del kratt og tre, men utan hardt nok beitetrykk vil det kome opp att. Nedre delar er prega av noko gjødsling og problemartar som brennesle og tyrihjelms einskilde plassar.

Framande artar: Det er ikkje registrert framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit kulturlandskap som er i drift. Det er fleire naturbeitemarker på dei to andre stølane i dalen, Fjellstølen og Breidsete.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på artsmangfaldet i lokaliteten bør den ikkje utsettast for tekniske inngrep eller gjødsling. Eit godt beitetrykk er viktig for å halde lokaliteten i hevd og rydding av bjørk der det er oppslag i kombinasjon med beitet vil vere ein fordel.

Verdisetting: Lokaliteten er relativt stor (13 daa) og det er ein del teikn til attgroing. Karplantefloraen er ikkje undersøkt i den optimale delen av vekstsesongen, men det truleg over 20 habitatspesialistar. Det er funne fleire artar beitemarksopp og truleg kan det vere fleire artar enn det som er registrert til no. Ein raudlisteart er funne i kategorien sårbar (VU). Samla verdi vert vurdert til B (viktig) (jf. kriteria i oppdatert faktaark frå 2014).



Miljøfaglig Utredning AS vart etablert i 1988. Firmaets hovudføremål er å tilby miljøfagleg rådgiving. Verksamdsområdet omfattar mellom anna:

- Kartlegging av naturmangfald
- Konsekvensanalyser for ulike tema, mellom anna: Naturmangfald, friluftsliv, reiseliv og landbruk
- Utarbeiding av forvaltningsplaner for verneområder
- Utarbeiding av kart (illustrasjonskart og GIS)
- FoU-verksemd
- Føredragsverksemd

Heimeside: www.mfu.no

Org.nr.: 984 494 068 MVA